




>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



6 ÅR MED BYGLANDSNYTT! SEPT. 2019 - SEPT. 2025



VAL 2025 - INFORMASJON OM VALDAGEN 8. SEPTEMBER

LES MEIR - S. 8/9 <<<

BUA Bygland har to nye tilbod i utstyrkassa si: BUA-hengaren med sesongutstyr på Byglandsfjord; og BUA-bilen, ein 9seter som tek deg på tur

ELDREUKA 29.9-03.10 - STYRK LIVSKVALITETEN TIL ELDRE -WEBINAR



MERKETIDER SEPTEMBER 2025:

- Valdag måndag 08.09. kl. 12.00 -20.00 - Stad: Byglandshallen og Årdalshallen
- Vassdragstreff i Setesdal 19.-20.09. - Stad: Evjemoen kino og Trollaktiv
- Lys&Løye Bygland-, Aust/Vest-Agder Husflidslag med kurshelg på Revsnes hotell 19.-21.09.

>>> LES MEIR - S. 5

Førehandsrøysting tek slutt fredag 05.09. Finn informasjon om den store valdagen måndag 08.09. med vallokale og opningstider.

BUA BYGLAND MED NYE TILBOD

>>> LES MEIR - S. 6

I Eldreuka byr på med engasjerande webinar om digital tryggleik, hjernehelse, arbeidsliv m.m.



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM**Kjære alle saman!**

No i september blir det avgjort kva slags regjering vi får i Noreg dei neste fire åra. Det er spanande, men det blir også godt å gå vidare og få systemet i gong att.

Eg opplever at samarbeidet mellom ordførarane i Agder er godt, me er i det store einige om det som er viktig for vår region.

Samarbeidet er godt nærast uavhengig av kva parti den einskilde ordførar representerer. På den måten klarar me å samle oss om saker som gjeld Agder, for kommuneøkonomi, for industri og næring, arbeidsplassar og for betra levkår. Det gode samarbeidet er ein stor styrke!

Her i Bygland opplever eg at det er ei god tone på tvers av partia i kommunestyret, sjølv om ein ikkje er einige i alt. Men me ser at det kan vere eit hardt ordskifte på sosiale medier, og eg kan forstå at mange kviar seg for å vere aktive i lokalpolitikken. Respekt for ulike synspunkt er ein viktig faktor i både demokratiet og i lokalsamfunnet. Der har me alle eit ansvar.

Omstillingsprogrammet Bygg Bygland er i godt driv, det skjer mykje på fleire plan som gjev meg trua på kommunen vår. Framover skal me t.d jobbe konkret med det å vere ein næringsaktiv kommune, som mellom anna handlar om å løfte dei kommunale tenestene til næringslivet og styrka evna til utvikling. Eit stort og viktig arbeid!

Det er svært moro at KVS Bygland åpna skuleåret med rekordmange elevar med godt og vel 100 elevar. Det vitnar om at dei gjer ein enormt god jobb. Det skapar mykje liv med så mange flotte ungdommar hjå oss, det er vi glade for.

Fyrste veka i september har me både ny Bua-tilhenger på B.fjord, og ein 9-seter som kan brukast av frivillige og organisasjonar i Bygland. Det betyr mykje! Atter ei gong vil eg takke for den gode jobben Anne Fauske og folka på Frivilligsentralen gjer!

God fyrste haustmånad alle saman, hausten er fin i Bygland!


Mvh Runar Granheim, ordførar i Bygland

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 73

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: Bjoren Brygge/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad; Kva skjer: Regnboge over Bygland/Siv Tørresen
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt oktober 2025: 06.10.2025, skrivefrist 26.09.

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av tidsskrift, lydbøker og filmar for alle, og vi har fleire bøker enn du nokon gong vil klare å lese! Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - SEPTEMBER 2025



- Rådet for eldre og funksjonsnedsettingar: 08.09. kl. 12.00
- Bygland Ungdomsråd: 08.09.2025 kl. 15.00
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 09.09. kl. 09.00
- Levekårsutvalet: 10.09. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 11.09. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 16.09. kl. 09.00
- Arbeidsmiljøutvalet: 29.09. kl. 10.00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Som eit ledd i dette, blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under Politikk og innsyn på heimesida vår:

bygland.kommune.no

NY KOMMUNEDIREKTØR I BYGLAND



Simon Ellingsberg ny kommunedirektør i Bygland kommune

Bygland kommune ønskjer Simon Ellingsberg velkommen som ny leiar for kommuneadministrasjonen.

Simon Ellingsberg er tilsett som ny kommunedirektør i Bygland kommune frå august 2025. Han kjem frå stillinga som kommunalsjef for oppvekst i kommunen, og har brei erfaring frå oppvekstsektoren.

Ellingsberg er utdanna pedagog og har tidlegare arbeidd som lærar, inspektør, rektor og leiar ved oppvekstsenter. Han har også vore rådgjevar i Agder fylkeskommune, før han i 2024 tok til som kommunalsjef i Bygland. I denne rolla har han hatt ansvar for tenester innan barnehage og skule, og vore sentral i levekårssatsinga i kommunen.

Med sitt engasjement for fagleg utvikling og samarbeid på tvers av sektorar, ser Simon fram til å leie kommunen vidare og bli godt kjent med både tilsette, innbyggjarar og politikarar i Bygland.

**Bygland kommune ønskjer Simon Ellingsberg hjarteleg
lukke til i den nye rolla som kommunedirektør!**





STORTINGSVAL OG SAMETINGSVAL 2025



Val 2025 - Står du i manntalet?

Du må stå i manntalet for å røyste ved valet 8. september. Manntalet er lagt ut til offentlig ettersyn på Bygland kommunehus fram til valdagen 08.09.

Kva er manntalet?

Manntalet er en oversikt over alle som har røysterett i ein kommune. Du vert registrert automatisk i manntalet i den kommunen du er folkeregistrert som busett 30. juni 2025. Dersom du flyttar etter 30. juni, har du røysterett i kommunen du flyttar frå. Du kan uansett førehandsrøyste i alle kommunane i Norge,

men på valdagen må du røyste i den kommunen du er manntalsført.

Dersom du meiner at du sjølv, eller nokon andre, urettmessig er ført opp eller utelat fra manntalet, kan du krevje at valstyret retter opp feilen. Kravet skal være skriftleg og grunngjeven. Adresse: Valstyret i Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland.

Sametingets manntal

Manntalet for sametingsvalet vert lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset. Spørsmål om dette manntalet må rettes til Sametinget på telefon 78 47 40 00 eller e-post samediggi@samediggi.no.

Informasjon om valdagen 8. september 2025

Førehandsrøysting på Bygland kommunehus sluttar fredag 05.09 kl. 14:00

Torsdag 04. og fredag 05.09 kan du førehandsrøyste på kommunehuset på Bygland kl. 10:00 -14:00.

Valdag - måndag 8. september 2025

På sjølve valdagen er vallokala i Bygland open kl. 12:00 -20:00.

Hugs å ta med legitimasjon.



Byglandshallen

Adresse

Sentrum 42, 4745 Bygland, Aust-Agder

Opningstider 08.09

12:00 - 20:00



Årdalshallen

Adresse

Setesdalsvegen 2014, 4741 Byglandsfjord, Aust-Agder

Opningstider 08.09

12:00 - 20:00



HELSE OG OMSORG



Eldreuka 2025

Frå 29. september til 3. oktober blir Eldreuka arrangert med korte og engasjerande webinar fulle av inspirasjon, tips og råd for ein aktiv og inkluderande kvardag for seniorar.

Senteret for eit aldersvennleg Noreg står bak, saman med organisasjonar og verksemder frå heile landet.

Tema spanner frå digital tryggleik og hjernehelse til arbeidsliv og frivilligheit – alle med mål om å styrkje livskvaliteten til eldre gjennom deltaking og inkludering.

Vi oppmodar kommunar, pensjonistforeiningar, frivillige lag og andre aktørar til å samle seniorar for felles vising. Webinara er gratis, går direkte på oppsette tidspunkt og fleire blir òg tilgjengelege som opptak.

Eldreuka er ei nasjonal markering og ein del av Program for eit aldersvennleg Noreg 2030 og «Bu trygt heime»-reforma. Målet er å inspirere fleire til å markere FN-dagen for eldre 1. oktober.

Arrangørar kan vere kommunar, frivilligsentralar, seniorsenter og andre som ønskjer å gje seniorar ei felles oppleving.

☞ Meir informasjon og påmelding:

Eldreuka 2025 – Aldersvennleg

<https://www.aldersvennlig.no/hva-skjer/eldreuka-2025>

Program på Byglandsheimen - september 2025

Onsdag 03.09 kl. 11:00

Tirsdag 09.09 kl. 11:00

Onsdag 10.09 -

Onsdag 17.09 kl. 11:00

Tysdag 23.09 kl. 14:00

Onsdag 24.09 kl. 11:00

Open dag

Andakt med Knut

Ikkje Open dag

Open dag

Andakt

Open dag

Velkomen!





SAMFUNN

Ny tursti på Byglandsfjord



I dei kommande vekene vil kommunen jobbe aktivt for å realisere prosjektet «Tursti på Byglandsfjord». Prosjektet skal etablere ein opplyst og framkomstvenleg turveg langs fjorden frå Byglandsfjord brannstasjon heilt til brua til Vassendøya.

Langs løypa skal det også leggjast til rette for aktivitets- og møteplassar. Ny saksbehandlar i kommunalområde Samfunn, Vemund Gulbrandsen, vil saman med prosjektleiar frå Prosjekthuset AS, Tone Wikeland, ta kontakt med ulike brukargrupper dei kommande vekene. Målet vårt er at alle som ønskjer det, kan dele idear slik at resultatet blir best mogleg.

Vemund Gulbrandsen, tlf. 90 04 62 36,
e-post: vemund.gulbrandsen@bygland.kommune.no

BYGLAND KULTURSCENE

Oppgradering av Bygland kulturscene

Kulturscena i Bygland opplever disse dagar eit ordentleg løft både i salen, i foajén, og på kjøkkenet. På scena blei alt av stag, tepper og lyskastarar rigga ned, og scenetaket blei måla svart, slik det bør være. Etterpå kom firmaet Oneco og rigga opp ein trusserigg, ein scenerigg etter dagens standard og krav.

Foajén fekk nye møbler. Og kjøkkenet blir heilt fornya av lokale BorgiBygg.

Ein sterk dugnadsgjeng viste enormt stå på vilje tilseint på kvelden. **Takk til Olav Grendstad, Ole G. Bysheim, Yevhen Voroshylin og Oleh Moskalov** for innsatsen!



TURISTINFORMASJON

Turistinformasjon i Bygland i Stoga Kafé

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Stoga held til ved Presteneset på Bygland, i naboskap til Bjoren Brygge, Bygland museum og Tesla ladestasjon Bygland. Det er tilbod på informasjon og turtipps til lokale og turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe.

I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar på førespurnad over heile kommunen. Guide: Olav Grendstad.

Ope fredagar og sundagar kl. 13.00-20.00





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Mandagscafe: måndagar i oddetalsveker (08. og 22.09.)
- KREATIV: kvar onsdag kl. 15.00 (oppstart 25.09.; OBS! følgjer skuleruta)
- Bingo: 19.08 (tysdagar i partalsveker)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (09.og 23.09.)
- Strikkecafé: 1 og 3 torsdag i månaden kl. 18.00 (04. og 18.09.)
- Innsats for andre, valfag for 8 klasse: 04.09. Kan tilby praktisk hjelp heime i Byglandsområdet.

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 (oppstart 25.09.)
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 17.00 (11. og 25.09.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse) (tidspunkt endå uavklart)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs) (kl. 18 - 21)
- Fredagsklubb i Årdalshallen på Byglandsfjord: 5.-7. klasse (kl. 18 - 21) (1x/månad); **neste 05.09.**

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Vi treng nye frivillige - **Kontakt : Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70**

Har du lyst til å bidra som frivillig? Vi ønskjer oss fleir folk på teamet:

- **BUA:** kveldstid- frivillige til å hjelpe å låne ut og levere inn- vakt ei til to gongar i halvåret).
- **Bingo:** kveldstid- frivillige til å halde bingo, oppdrag er ca. 2 kveldar i halvåret.
- **Måndagscafe:** dagtid, ca tre mandager i halvåret. Frivillige til å lage rører, steike vafflar og servere kaffi.
- **Seniorsenter:** dagtid, ein gong i halvåret. Frivillige til å lage røre, steike vafflar og servere kaffi.
- **Bygdemiddag:** kveldstid, ein gong i halvåret. Frivillige til å lage og servere middag. Meny etter eige ønske. Som regel to frivillige som gjeng saman ein kveld.
- **Lytteven:** dagtid. Hyppighet kan avtalast. Frivillige som kan lytte til barn som les i barneskulen.
- Nytt team rundt **BUA-bilen** (sjå nede).
- Nytt team rundt **BUA-tilhengaren** (sjå nede).

BUA-BILEN

No får me snart niseteren, og den treng me også frivillige til:

- Hjelpe med vedlikehald-vask/reinhald osv.
- Køyre til dekkskift.
- Sjåførar til å køyre ungdom og eldre.



Bilete av bilen frå Peugeot:

Litt info om bilen:

BUA Bygland/Frivilligsentralen har fått ansvar for å drifte og låne ut ein niseter. Denne niseteren vert levert no snart. Den er elektrisk og har ei rekkevidde på om lag 350 km. Dei bakerste setene kan slå ned, slik at ein kan få plass til rullestol.

Bilen skal få overtekke/halvtak med 3 veggjar ved løa på prestegarden, og vil også få eige lade punkt der.

Bilen skal lånast ut gjennom BUA til lag og foreningar. Ein må ta kontakt med dagleg leiar, eller vakttelefonen for å låne den.

Når ein låner, må ein signere ut avtale som skisserer bruksreglar. Hovudregel er at du skal forlate bilen like fin som når du henta den.

Bilen vil også vere i bruk av BUA/Frivilligsentralen sjølv.

Vi ser for oss at den kan nyttast til å frakte ungdom som ikkje kjem seg til aktivitet sjølve, og til turar for eldre som også har utfordringar når det gjeld å kome seg rundt på eiga hand.

Dette fordrar **engasjerte frivillige**, som har lyst til å bidra inn i dette. Tilbake får du gode samtalar, verdifull bruk av tid, glade og takknemlege menneske, og kjensla av å vere til nytte.

Bilen kan og lånast av private, men ein må då betale ein lånesum for det.



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BUA-hengaren

Det er kjøpt inn ein hengar, som kan fyllast med utstyr og leigast ut gjennom sjølvbetening på Byglandsfjord.

Innhald foreløpig kan du finne her:

bua.no/utlansordninger/bua-bygland-selvbetjent

For å låne utstyr i hengaren må kvar og ein lage seg ein konto på bua.no. For å låne utstyr må ein vere over 18 år, eller ha med seg føresette. Dette er grunna sikkerheit. Vidare instruksar vil du finne på sjølve hengaren.

Hengaren skal stå på Byglandsfjord. Konkret lokasjon ser ut til å bli Vassend, ved rundkøyringa. Målet er at flest mogleg skal ha enkel tilgang på utstyr av god kvalitet som gjer barn og unge ei aktiv, fritid med masse gøy!

Hengaren har straum, og moglegheit for varme. Den har også god lufting, og lem bak slik at ein enkelt skal få sykklar og liknande ut og inn.

Me kan takke **Agder fylkeskommune**, og **Gjensidigestiftelsen** for tilskot. Utan dei hadde ikkje dette vore mogleg.

Me ber om tålmod i starten. Det er ikkje vanskeleg å låne, men av og til må ein øve litt. Hengaren kan også bli brukt til turar, og til stands og lignande.

Dersom du har tankar om kva ein bør fylle hengaren med, kan du sende ein sms til: 94510770 (sjekk gjerne ut bua.no først. Kanskje har me allereie det du ønsker deg. 😊)

Dersom du kunne vere med å sjå etter hengaren litt: send gjerne ein sms om det også til 94510770. Når hengaren er klar, vil eg sette opp eit treff og gje god opplæring!

Vi treng frivillige i teamet for BUA-hengaren

Me kunne hatt nokre fleire frivillige til å sjå etter hengaren:

- Sjå at utstyr ligg på plass
- Sjå at utstyr tørkar greitt
- Slå på varme ved behov
- Sjå etter om utstyret er i orden
- Ein får god opplæring undervegs.

Opning BUA-hangar Byglandsfjord

Torsdag 4. september kl. 17.00 skal me feire opning av BUA-hengaren ved rundkøyringa på Vassend. Ordføraren Runar Granheim kjem og klyppa snoret. Og så blir det kaffi og kake! **VELKOMEN ALLE!**



**OPNING
BUA HENGAR
BYGLANDSFJORD**

Kom på opning av BUA hengaren
Torsdag 04.09
Klokka 17.00

Sjølvetjent

Sesongutstyr

Ordføraren kjem og klypper snora
Kake og kaffi til alle besøkande
Moglegheit til å få hjelp til å lage
konto på BUA
Moglegheit til å låne der og då
Opent for alle!!!
Kom kom!

**FRIVILLIG
SENTRAL**

Hengaren er kjøpt inn ved hjelp av tilskot frå
Agder Fylkeskommune



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 09. og 23.09. kl. 14.00**

KONFIRMANTUNDERVISNING

- **Oppstartsmøte fredag, 12.09.**

Ny kyrkjevevje og ny sokneprest

Bygland og Årdal sokn har fått ny kyrkjevevje, **Anne Synnøve Ropstad**; og skal få ny sokneprest, **Kristine Borgen**.

Me skal presentere Anne Synnøve og Kristine Borgen i Byglandsnytt oktober.




Glimt frå kyrkjevandringa frå Åseral til Bygland

Sundag 17.08. gikk ein sprek gjeng mellom Åseral og Bygland.

Naturlos og guide var Kari Røynlid (Åseral) og Olav Grendstad frå Stoga Café/Bygland turistinformasjon (Bygland). Dei guida vandrane 14 kilometer sikkert gjennom ulent terreng frå Espelid i Åseral til Skomedalsheia i Bygland, der gruppa vart plukka opp av Gunnar Gautland. Så reiste dei med minibuss frå Skomedal til Åraksbø, der Gro Tove Frafjord Sandnes frå soknerådet serverte god kveldsmat til dei sultne pilegrimane. Kl. 19.15 vart det gudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø, med prest Tom Martin Berntsen og organisten Eirik Hodnemyr. Kari Røynlid takka for fin turdag på gamle kyrkjeveggar med solosang i kyrkja.

Bygland og Årdal sokneråd takkar alle som bidrog med å gjere denne kyrkjevandringdagen til ein oppleving som vi lenge skal leve på.



Bilete: Olav Nilsen



>>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - SEPTEMBER 2025

- **Matavfall og restavfall:** veke 38: torsdag 18.09.
- **Papir og plast:** veke 36: tysdag 02.09.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 36: torsdag 04.09.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (10.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (27.09.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - SEPTEMBER

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 10. SEPTEMBER

KL. 17.30: BARSKE BØLLER 2

6 år. 110 kr. Animasjon / Familiefilm

KL. 19.30: INGEN KOMMENTAR

9 år 130 kr. Komedie

Bygdekinoen
Fra små steder til store øyeblikk

Onsdag 10.09
Bygland Kulturscene



Barske bøller 2
17:30
6 år • 75 Kr
Familiefilm, Animasjon • 11.44m
Bygdekinoen 75 år - jubileumspris!



Ingen kommentar
19:30
9 år • 75 Kr
Komedie • 11.29m
Bygdekinoen 75 år - jubileumspris!

Scan QR-koden for å bestille billetter



BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SUNDAG 7. SEPTEMBER

KL. 19.00: DØDEN BAK RATTEN

(VANISHING POINT, 1971

Aldersgrense: 15 år

Inngong: 50,-

Medlemskap kjøpes i døra.

**Tighten your seat belt.
You never had a trip like this before.**



VANISHING POINT

20th Century-Fox presents
BARRY NEWMAN - VANISHING POINT
Produced by NORMAN SPENCER Directed by RICHARD C. SARAFIAN
Screenplay by GILBERTO CAPELLO Executive Producer MICHAEL PERAZICH
Color by DE LUXE
and Tony Award Winner
CLEAVON LITTLE as Super Soul
Original soundtrack composed by ARTHUR BARNES

Don't be
misled by
this
movie's
title
it's
not
a
thriller
it's
a
tragedy
and
it's
a
love
story





YMSE

>>> FRILUFTSLIVETS ÅR - SEPTEMBER 2025

**FRAMSTEG 4H OG BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL**

Det er Friluftslivets År og Framsteg 4H i samarbeide med Bygland frivilligsentral inviterer **alle som har lyst** til hengekøyetur laurdag 06.09. kl. 17.00 til søndag 07.09. kl. 11.00. Turen går opp til vene Reiårsvatnet. For informasjon, påmelding og utstyr: bygland.frivilligsentral.no

**4H arrangerer open
hengekøyetur**

- ✓ Laurdag-Søndag
 - ✓ Mat på bål. GRATIS! Ta med drikke/snop
 - ✓ Ta med eige utstyr til å sove ute. Lån på BUA om du ikkje har.
 - ✓ Barn må ha følge med vaksen.
- Meld dykk på her:
www.bygland.frivilligsentral.no/hengekøyetur

**FRAMSTEG 4H
HENGEKØYETUR
6 -7 SEPTEMBER****OPPMØTE VED
REIÅRSVANNET PÅ OSE KL 17**



YMSE >>> FOLKEMUSIKK, KOR & KORPS OG SETESDALSMUSEET



Føresettemøte for leikarringen!

Ein leikarring er ei gruppe unge menneske som likar å syngje og danse og eksperimentere med folkemusikk!

I Bygland er leikarringen no organisert under kulturskulen og leia av meg, Maija. Eg ønskjer å høyre frå alle interesserte føresette – dette gjeld barn i alle aldrar – om leikarringen på Bygland.

Kva ønskjer me for det komande skuleåret?
Eg vil gjerne samle inn interesse og få ei god forståing av kva de ønskjer for barna i bygda.

Hjelp meg å skape ei fin moglegheit for barna i Bygland!

Bygland Kulturscene

måndag 8. Sept

KL. 17

Om du ikkje kan vere med på møtet, send gjerne interessa di til Maija:
maija.lindaas@valle.kommune.no
938 87 410

SETESDAL SPELEMANNSLAG

SØLVGARDEN
12. SEPT KL 19.00

OPE MØTE I SETESDAL SPELEMANNSLAG

• Oppsummering Setesdal
Folkemusikkfestival 2025

• Gjennomgang av rapport
frå Telemarksforskning:
"Sterke strukturer, svak
synlighet"

21.00
KVEDARPUB

KIRSTEN BRÅTEN BERG
OG LOKALE KVEDARÅR



MUSIKK PÅ BYGLAND

Kong Hanes Eftf. (blanda kor)

onsdagar kl. 19.00-21.00: Korøving på
musikkrommet, Bygland skule

Bygland Hornmusikk (Noregs lengste korps)

tysdagar kl. 18.00 -20.00: musikkøving på
Bygland kulturscene

BJOREN BRYGGE

Presteneset

Bygland

September

torsdagsmeny

torsdagar

kl. 14-19

Tinging hos

Nina, tlf.

93262168



MENY

SEPTEMBER

4. Kjøttkaker

11. Koteletter

18. lapskaus

25. komper

Husk å tinge,
ved sms eller ringe!
Nina 93262168 ❤️

SETESDALSMUSEET PÅ RYSSTAD

6. SEPTEMBER
BYKLEDAGEN - LISLESTOG

KL. 11:00-15:00

Barneaktivitet med Setesdalsmuseet

Lag ein magisk skjoldmøypose

Masse andre aktiviteter

1. OKTOBER
HAUSTFERIEVERKSTAD PÅ
SETESDALSMUSEET

10:00-14:00

Lage haustkransar, rebus og vaflar

Verkstad gratis for barn, 150,- for vaksne

Fri inngong på museet

Setesdalsmuseet





YMSE >>> HUSFLID OG MUSIKK

BYGLAND-, AUST- OG VEST-AGDER HUSFLIDSLAG



Lus & Løye 2025

Aust-Agder Husflidslag
Revsnes hotell 19.-21. september
2025

Bygland-, Aust- og Vest-Agder
Husflidslag arrangerer kurshelg på
Revsnes hotell. Her kan du lære
deg noko nytt eller finpusse
kunnskap du har frå før.

husflid.no/lokallag-nyhet/lus-loye-2025/

NATURVERNFORBUND

Vassdragstreff i Setesdal

Det blir vassdragstreff i Setesdal, for å setja søkjelys på den planlagde utbygginga av Syrtveitfossen. Velkommen til Evje i vakre Setesdal!

Dag 1: 19.sep, kl. 19:00 Kvar: Evjemoen kino, Evje
Dag 2: 20.sep, kl. 10:00 -15:00 Kvar: Trollaktiv, Syrtveit

Meir informasjon: naturvernforbundet.no/



LOPPEMARKNAD

Loppemarknad på Søsterheimen, Landeskogen 79 i Grendi

Laurdag 20.09. kl. 11.00 -16.00

Søstrene Annemarie og Babet fra Nederland har flytta til Grendi 15. august. No inviterer dei til loppemarked på Søsterheimen. Gjestene kan glede seg over eit variert utval av brukte gjenstander, og det vil være moglegheit for å kjøpe kaffe, te og kake.

Arrangementet er også en introduksjon til kommende samarbeid i huset: Babet, medisinsk pedikyr, opner snart ein praksis og fotklinikk i søsterhuset. Annemarie vil samtidig opne sin egen sangskule, der ho vil tilby sang- og musikkundervisning.

Velkomen til ein hyggeleg dag med handel og sosialt samvær! - The Sisters!



N.B. Det blir jolekonsert laurdag 6. desember kl 19.00 i Bygland kyrkje. Konserten er eit samarbeide mellom Annemarie, som er klassisk sangerinne og leiar av sitt kor i Norge, og hennes Nederlandske kor. Begge korene vil opptre sammen og skape ein unik musikalsk oppleving for publikumet. Velkomen til konsert 06.12.!



KVA SKJER I BYGLAND SEPTEMBER 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Regnboge over Bygland
Foto: Siv Tørresen

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
torsdag 04.09.	Protestfestivalen, Bygland kulturscene	kl. 18 -22	Protestfestivalen, Prolog
laurdag 06.09 - sundag 07.09.	Framsteg4H / Bygland frivilligsentral / BUA	kl 17 - 11	Hengekøyetur til Reiårsvatn
sundag 07.09.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Film: Døden bak ratten (Vanishing point, 1971)
måndag 08.09.	Bygland kommune; Byglandshallen og Årdalshallen	kl. 12-20	Stortings- og Sametingsval 2025
tysdag 09.09.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 10.09.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Barske Bøller 2 (6år)
		kl. 19.30	Film: Ingen kommentar (9år)
fredag 19. - laurdag 20.09.	Naturvernforbundet; Evjemoen kino og Trollaktiv	kl. 19 - 15	Vassdragstreff i Setesdal
fredag 19. - laurdag 20.09.	Bygland husflidslag; Revsnes Hotell	heile dagen	Lus & Løye 2025
tysdag 23.09.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
29.09.-03.10.	OPPVEKSTSENTRA I BYGLAND		HAUSTFERIE

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: sjå s. 8



OBS! Skulen har starta opp att!
Ta vare på att barna i Bygland har ein trygg skuleveg.
Trafikksikkerhet er også ditt ansvar.

